



Morten Furubotten
Dalemarka 136
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/735 - 14/3255

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
05.03.2014

Godkjenning - oppføring av vinterhage på gbnr. 21/36 i Dalemarka.

Administrativt vedtak. Saknr: 31/2014

Eigedom: 21/36

Byggjeplass: Dalemarka 136

Tiltakshavar: Morten Furubotten

Planstatus: Reguleringsplan Dalemark - bustad

Søknad om: Tilbygg til bustad - oppføring av vinterhage

Saksutgreiing:

Det vert vist til motteken søknad, dagsett 11.02.2014. Søknaden gjeld bygging av tilbygg, vinterhage på omlag 11m², på gnr. 21 bnr. 36 i Dalemarka .

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Dalemarka regulert til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 27.01.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 11.02.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillete grad av utnytting er $\frac{1}{4}$ av tomta sitt areal. Tomta er på om lag 1550 m² og følgjeleg samsvarar tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av vinterhage på gnr. 21 bnr. 36 i samsvar med søknad dagsett 11.02.2014.

Det vert vist til vedlagte kart dagsett 13.01.2014 og teikningar motteke saman med søknad, dagsett 11.02.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Mottakere:

Morten Furubotten

Dalemarka 136 5918

FREKHAUG